



Referat

Underutval for barn og unges psykiske helse, Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	14.05.20 kl. 13:30
Møtestad:	Skypemøte
Møteleiar:	Gunnlaug Lekve
Til stade:	Jill Bru Johansen (Vaksdal), Morten Kronstad (BUP Voss) Bridget Penny (brukarrepresentant), Gunnlaug Lekve (Ulvik), Kjell R. Stien (Voss), Anne Karin Laupsa Nes (Kvam), Anne Myklatun (Eidfjord), Marianne Røynesdal (BUP Voss), Ruth Helene Garmann og Sissel Berg (BUP Voss)
Fråfall utan vara:	
Referent:	Sissel Berg

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg	Ansvar
5/20	Godkjenning av innkalling Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
6/20	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet 27.02.20 Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		

<p>7 og 8/20</p>	<p>Aktuelt frå medlemmane i underutvalet</p> <p>Brukarrepresentant</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen har fungert bra for mange i koronasituasjonen med heimeskule, men ikkje for alle. Viktig erfaring at digitale løysingar fungerer. Kan gjere det lettare å legge til rette for dette ved behov i den vanlege skulekvardagen. På grunn av endra rutinar på skulen i samband med oppstart på skulen igjen, får ikkje alle elevar med særskilte behov det dei er vane med. • Dei som til vanleg nyttar seg av avlastning mista dette «over natta» då koronasituasjonen kom. Behov for å oppretthalde eit tilbod om avlastning ved liknande situasjonar i framtida. • Ein skal vere forsiktig med begrepa ein brukar om barn og familiar med utfordringar. Dei kan vere stigmatiserande. • Omsorgsstønad er revidert og vedteke. Tildelingskriteria er reviderte og aldersgrense fjerna. Positivt med opne og presise kriterier. <p>Voss</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nokon har hatt det betre enn vanleg i perioden med heimeskule, andre verre. • Barnevernet fekk færre bekymringsmeldingar i perioden med heilt stengde barnehagar og skular. Mindre med fysiske besøk i fosterheimar pga. koronasituasjonen. Har konstituert leiar i barnevernet foreløpig fram til 1. september 2020. • 2-årig prosjekt med Bufdir: «Veilederkorps» for barneverntenesta. • Helsestasjonen prioriterte spebarn og gravide under koronastenginga. Tilbake til meir normal drift no. Kø for å komme til på helsestasjon for ungdom. • Hagahaugen klargjort som «koronasjukehus». Har vore mykje opplæring og omplassering av personale. • Koronareglar for sakkyndigheit. Rektorar og barnehagestyrarar kan fatte midlertidige vedtak. • Meistringsteamet er i drift. • Sveinung Hellesen Nygård er tilsett som kommunepsykolog. Det er planar om å tilsetje to til 	<p>O</p>		
----------------------	--	----------	--	--

og så gå vidare med interkommunalt samarbeid når dette er på plass.

Vaksdal

- Omsorgstilbodet til dei som har vore på skulen har vore bra. Det har vore positivt for nokon med heimeskule, andre har det vore meir negativt for. Spent på langtidseffekt av koronastenginga.
- Barnevernet har ikkje merka endringar i tilmeldinga pga. koronasituasjonen.
- Positivt for mange ungdommar å bruke videokonsultasjonar med kommunepsykolog.
- Døgnbemanna barnevernsvakt.
- Telefon for barn og unge v/PPT.

Kvam

- Kvam herad har fått midlar frå Bufdir til eit prosjekt for systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn. Prosjektet skal styrkja kommunen sitt utviklingsarbeid innan førebyggjande arbeid og hindra problemutvikling, ekskludering og marginalisering hjå barn og unge. Ingunn Hildonen Teigland er tilsett som leiar i 60 % stilling.
- Stort fokus på sårbare barn under situasjonen med koronaviruset. Tett samarbeid. Alle elevane er tilbake på skulane no. Nokon har hatt det betre med heimeskule, nokon verre.
- Fokus på at barn er ikkje vanskelege, men har det vanskeleg.
- PPT har organisert digitalt mattekurs.
- Kurs: Trafikklyset - barnevern og helsesjukepleiar.
- LINK- Livsmeistring i klasserommet.

Ulvik

- Helsejukepleiar har vore mykje nytta til arbeid i forhold til koronasituasjonen/smittevern.
- Har prioritert spebarn 0-15 mnd. på helsestasjonen. No er det meir tilbake til normal drift.
- Direkte kontakt med flyktingefamiliar.
- Godt samarbeid om sårbare barn.
- Positive erfaringar i koronakrisa er at naturen/utemiljøet har blitt brukt meir av skule og barnehage. Dei som har hatt tilbod om skule og

	<p>barnehage under stenginga har fått nær kontakt med vaksne.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Heimeskule har vore bra for nokon og negativt for nokon. Vanskeleg å sei korleis langtidseffekten vert. <p>Eidfjord</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nokon elevar har hatt det betre under koronastenginga, andre verre. Det har vore tett samarbeid med instansane og dei som har hatt behov for det har fått gode tilbod. • Tilsette har vore omplasserte i kommunen. Har måtta prioritere på helsestasjonen, men er no tilbake i full drift. • Elevane er glade for å kunne treffast att på skulen. Oppstart i barnehagen var litt vanskeleg, men dei er godt i gang att no. <p>BUP</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ca. 10 pasientar fekk komme fysisk på BUP i starten under koronastenginga. No er det opna opp for fleire pasientar på poliklinikken. • Har brukt mykje telefon og video i staden for fysisk oppmøte, men nokon saker er satt litt på vent. • Heimeskule har vore positivt for nokon av pasientane og utfordrande for andre. • Talet på tilvisingar har auka dei siste vekene. Fleire ungdomsskuleelevar med angst, depresjon og ocd. • Det er lova meir midlar på neste års budsjett til psykisk helse for barn og ungdom. • Har tilsett ADHD-sjukepleiar i 100% stilling som startar i august. 			
9/20	<p>Ymse</p> <p>Orientering om prosjektet «Barn og unges helsetjeneste» ved Ruth Helene Garmann.</p> <p>Dei neste møta i Underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert 24.09.20 og 10.12.20. Begge dagar frå 12:15 til 13:45.</p>	O		

Tidspunkt for neste møte i Underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert **torsdag 24.09.20 kl. 12:15 til 13:45** på BUP eventuelt via Skype.

Ber om at medlemmene i underutvalet melder i frå dersom de ikkje har høve til å møta.